



MIN FØRSTE SKULEDAG: Mariela Norheim og Áshild S. F. Thorsen er prosjektleiarar for «Min første skuledag». Prosjektet er i hovudsak nettbasert. Føremålet er å samla inn ulike bilde med ei forteljing til som viser ulike personar si oppleving av å vera ny på skulen.

Sletta samlar skule-minne

Første skuledagen sit nok sterkt i minnet hjå dei fleste. No ønskjer Museumssenteret i Hordaland å samla inn nokre av desse minna.

EGIL OLSVOLD

Prosjektleiarar Mariela Norheim og Áshild S. F. Thorsen er tilsette på Museumssenteret i Hordaland. Dei har arbeidd ei tid med prosjektet «Min første skuledag». Målet er å samla inn bilde

med ei forteljing til, som seier noko om den einkilde si oppleving av denne merkedagen i livet.

Utstillinga er veksande, der innsamling av bilde vil vera hovudsatsinga. Søndag presenterte dei prosjektet sitt i skulestova på Utvandrarsenteret, Sletta. No oppmodar dei alle om å bidra med bilde.

Digitale forteljingar

Prosjektet er nettbasert. På dei små pultane i klasserommet var det sett opp tre skjermar. Her kunne ein høyra og sjå ungdommar

som fortalde frå sin første skuledag.

Ordførar Jon Askeland fekk æra av å vera førstemann ut. Klasserommet har berre plass til 5-6 pultar, men tilhøyrarane benka seg så godt dei kunne.

Askeland hugsa godt sin første skuledag på Tjore. Lærar var Torunn Jacobsen frå Osterøy. Men like godt hugsa han «sin andre første skuledag.» Det var på nyeskulen i Austmarka, og han skulle ta til i 3. klasse. Då fekk dei raudbrus og bolle! Det var stort!

Med seg til utstillinga hadde

han eit bilde frå musikktimen. Han og to andre gitar spela blokkfløyte. Det var «standard-instrumentet» dei fleste hugsar, med meir eller mindre glede. Like fullt ein del av vår kultur- og skulehistorie.

Opna i 2009

Prosjektet «Digitalt fortalt» var opna i Trondheim i 2009. Trond Giske var då kulturminister. Kulturminneåret hadde «Kassettspilaren» som tema. Mange hugsar dette «vedunderet» som kunne ta opp og spela av musikk frå Radio Lux.

Du finn meir stoff på nettsida
www.digitalfortalt.wordpress.com

Bilde kan du sende inn til denne
adressa:
digitalfortalt@gmail.com

Eldrekonferanse på Manger

MANGER: Neste fredag er det igjen klart for eldreråds-konferanse på Manger. Møtet for eldreråda for heile Nordhordland finn stad på Smiths Møte og selskapslokale. Konferansen er også open for pensjonistlag, folkevalde, medlemmar i kommunale råd og utval, kommuneleiing og andre interesserte. I år skal psykiater Rune Mjanger føredra om psykisk helse for eldre. Prosjektleiar Anne Hildegunn Færevy kjem med nytt om Samhandlingsreforma, og ei gruppe frå Lindås kommune orienterer om bustadtilpassing for eldre. Dette er eit prosjekt der ein ser på enkel ombygging av bustad, slik at dei som ønskjer det kan bu lengst mogleg i sin eigen heim. Det vert også servert lunsj, og kulturelle innslag.

–Vi håpar flest mogleg finn vegen til det som er ein viktig konferanse for dei eldre i regionen, seier Kåre Eide, leiar i Nordhordland eldreråd.



OPNA UTSTILLINGA: Ordførar Jon Askeland opna utstillinga. Her står han ved kateteret og fortel med stor glede om sin eigen første skuledag på Tjore.



TYPISK SKULESTOVE: Den kvite bygningen heilt til høgre er «Marbou School House», ei typisk 1-roms skulestove frå Nord Dakota. 8. juli 2000 vart ho reist oppatt på Utvandringsenteret på Sletta. Skulestova liknar på dei norske skulestovene bygd for om lag 100 år sidan.